



Denne flotte snømannen har dukka opp sentralt i Uskedalen.

**Det nærmar seg jul, og mange har pynta vakkert med lys og lyslekkjer. Likevel trur eg kanskje snømannen som står i bakken hos Erlend Haugland og Emilie Kaldestad Ermland midt i sentrum av Uskedalen, blir lagt mest merke til saman med den vakre julegrana vår som vart tent i går. Denne er også skapt for Vestlandsver!**

Sjølv om det regnar og er plussgrader i dag står den store, flotte snømannen like trygt. Den er bygd opp av to store 'snøballar' der dei har erstatta snøen som byggjemateriale med plast. Dei to 'snøballane' er laga av utallege kvite plast drikkebegeter der det er brukt svarte beger til auge, munn og knappar. Til nase er gulrota erstatta med ei oransje brusflaske, og på toppen har dei laga ein flott svart hatt. I imponerende og kreativt 'byggverk' som kjem til å pynta flott opp sentralt i bygda gjennom vinteren.

Det unge paret har også tidlegare vist sine kreative evner. Før Festidalen kom den gule sykkelen som dei fleste sikkert har lagt merke til. Då pynta den opp med vakre blomar. No er desse blomane bytta ut med ein koseleg nisse som sit på sykkelen. Les [HER](#).



Denne nissen er trygt plassert på den gule sykkelen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland